

Arbeidsrapport nr. 229

Susanne Moen Ouff

To speke -or not to speke...

Ei forstudie om utfordringar i rekruttering til utdanning og arbeid innan spekematproduksjonen i Stranda kommune, samt vurdering av mogleg kompetansesenter for spekemat på Stranda

| | |
|---------------------------|--|
| Prosjekttittel | Forprosjekt knytt til utfordringar hos spekematprodusentane i Stranda kommune |
| Oppdragsgjevar | Cand. Speke v/Stranda Kommune |
| Prosjektansvarleg | Møreforskning Volda |
| Prosjektleder | Susanne Moen Ouff |
| Ansvarleg utgjevar | Møreforskning Volda |
| ISBN | 978-82-7692-293-6 (elektronisk utgåve) |
| ISSN | 0805-6609 |
| Sats | Susanne Moen Ouff |
| Distribusjon | http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/fou |

Arbeidsrapportserien er for faglege og vitenskaplege arbeid som ikkje fullt ut stettar krava til forskingsrapportar. Det kan vere delrapportar innanfor større prosjekt, eller læremateriell knytt til undervisningsføremål.

Arbeidsrapportane skal vere godkjende av anten dekanus, gruppeleiar, prosjektleder (for IAAI: instituttleiar) eller ein annan fagperson dei har utpeika. Kvalitetssikringa skal utførast av ein annan enn forfattar.

Forord

Denne rapporten inneheld resultata av forprosjektet initiert av Cand. Speke. Cand. Speke er eit samarbeid mellom Ole Ringdal as, Stranda Spekemat, Tind Spekevarer as, Stranda kommune og Stranda vidaregåande skule/Storfjord Kompetanse. Dette samarbeidet tar utgangspunkt i felles utfordringar knytte til rekruttering til vidaregåande skule og lokale produksjonsbedrifter innafor industriell matproduksjon, og eit felles ønskje om å etablere eit kompetansesenter for spekevarer på Stranda.

Forprosjektet er for det meste basert på erfaringar og refleksjonar 10. klassingane i Stranda kommune, og elevar og lærarar ved Stranda vidaregåande skule har gjort seg omkring studie- og yrkesval. Desse skal ha ei stor takk for at dei stilte opp. Det same gjeld rektorar og involverte lærarar ved dei to ungdomsskulane, som la til rette for å gjennomføre undersøkinga.

Inge Bjørdal i Stranda kommune har vore kontaktperson for arbeidet, medan dei andre deltakarane i Cand. Speke har kome med nyttig bakgrunnsinformasjon på arbeidsmøta før og undervegs i arbeidet. Vi takkar for oppdraget, og ønskjer samarbeidspartane lykke til med det vidare arbeidet.

Ein takk også til Else Ragni Yttredal og Finn O. Båtevik ved Møreforsking for nyttige bistand i arbeidet.

Volda, 15. november 2008

Susanne Moen Ouff

INNHALD

| | |
|--|-----------|
| 1 Oppdrag og mandat | 7 |
| 1.1 Bakgrunn for oppdraget | 7 |
| 1.2 Mandat | 7 |
| 2 Metodeval og gjennomføring | 9 |
| 2.1 Rekruttering til Matfag og spekematbedriftene | 9 |
| <i>Nettbasert spørjeundersøking i 10. klasse</i> | 9 |
| <i>Kvalitative intervju</i> | 10 |
| <i>Dokumentgjennomgang</i> | 11 |
| 2.2 Kompetansesenter | 11 |
| <i>Dokumentgjennomgang</i> | 11 |
| <i>Kvalitative intervju</i> | 11 |
| 3 Refleksjonar over val av skule og programfag | 12 |
| 3.1 Tidspunkt for val | 12 |
| 3.2 Grunnlag for val | 13 |
| <i>Kva og kven involverer ungdommen i sin valprosess?</i> | 13 |
| 3.3 Grunnar for val | 16 |
| <i>Kva tenkjer dei unge om valet dei tar?</i> | 16 |
| 3.4 Om Stranda vidaregåande skule som studiestad | 18 |
| <i>Om å bu på Stranda</i> | 18 |
| <i>"Ein kjekk skule"</i> | 20 |
| <i>Fagleg nivå og organisering</i> | 21 |
| 3.5 Om spekematbedriftene som arbeidsplass | 23 |
| 3.6 Refleksjonar frå lærarane | 24 |
| 3.7 Oppsummering av funn og forslag til tiltak | 25 |
| 4 Kompetansesenter for spekemat | 29 |
| 4.1 Organisasjonsformer og innhald | 29 |
| 4.2 Mogleg organisering og innhald i kompetansesenter for spekemat | 31 |
| <i>Fokus</i> | 31 |
| <i>Organisering</i> | 31 |
| <i>Finansiering</i> | 31 |
| <i>Samarbeidspartar og/eller konkurrentar</i> | 31 |
| 4.3 Val av organisering og innhald | 32 |
| Kjelder | 34 |

Tabelloversikt

| | |
|--|----|
| Tabell 1 Oppsummering av metodar og informasjonskjelder | 9 |
| Tabell 2 Tidspunkt for val av skule og programfag | 12 |
| Tabell 3 Prioritering av skule vs program. | 13 |
| Tabell 4 Kva undersøkte du om skulen, før du valte skule? | 14 |
| Tabell 5 Kva var viktig for deg ved val av skule? | 14 |
| Tabell 6 Utsegner om viktige sider ved val av skule | 15 |
| Tabell 7 Kor viktig er det å få generell studiekompetanse? | 17 |
| Tabell 8 Kor viktig er det å få spesiell studiekompetanse? | 17 |
| Tabell 9 Kva tenkjer du om å bu i Stranda kommune? | 19 |
| Tabell 10 Kva tenkjer du om Stranda Vidaregåande skule? | 20 |
| Tabell 11 Kjennskap vil Matfag | 23 |

1 Oppdrag og mandat

1.1 Bakgrunn for oppdraget

Ved Stranda vidaregåande generelt og Restaurant- og matfag spesielt, opplever ein sviktande rekruttering frå lokal ungdom.¹ Våren 2007 gav det seg utslag i at ingen 10. klassingar frå Stranda ungdomsskule hadde Stranda vidaregåande som førsteval då dei søkte plass ved vidaregåande skular. Våren 2008 er ikkje tendensen like sterk, men likevel tydeleg nok til å hevde at ungdommen i bygda vel seg vekk frå den geografisk næraste skulen.

Spekematprodusentane Tind as, Ole Ringdal as og Stranda Spekemat opplever òg sviktande rekruttering. Dei tre bedriftene har i dag tilsette med svært høg kompetanse, men snittalderen på arbeidsstokken er høg hjå alle tre. Rekrutteringssvikten ved Stranda vidaregåande medverkar antakelig til svikt i tilgangen på arbeidskraft til produksjonsbedriftene, då arbeidskrafta for det meste er lokalbasert. På sikt er dette ei stor utfordring for verksemdene.

Så langt har produksjonsbedriftene prøvd å lette svikten ved import av arbeidskraft. Desse er dyktige fagarbeidarar, men vert ikkje rekna som stabil arbeidskraft på sikt. Noko av utfordringa her ligg i at desse arbeidstakarane så langt ikkje har vore interesserte i å busette seg permanent i bygda, og til dømes å ta med seg familiane sine. Dermed er det vanskelegare å tenkje seg langsiktige arbeidsforhold med utanlandsk arbeidskraft enn det som er ønskjeleg.

I prosjektet Cand Speke, har dei tre spekematbedriftene gått saman, og i partnerskap med Stranda vidaregåande skule og Stranda kommune, ønskjer dei no å finne andre løysingar på desse utfordringane. Som del av eit forprosjekt vil ein prøve å finne grunnar til rekrutteringssvikten, for å gjere klart for eit hovudprosjekt der ein har som mål å endre dei negative tendensane ein ser i dag.

I tillegg har partane eit ønskje om å ta vare på, og vidareutvikle den kunnskapen som ligg i verksemdene i dag, og har bedt om ei utgreiing på kor vidt eit lokalt kompetansesenter kan ivareta eit slikt behov.

1.2 Mandat

Styringsgruppa for prosjektet er sett saman av

Ole Arnstein Ringdal (Ole Ringdal as)

Geir Johansen (Stranda Spekemat)

Rune Løvdøen (Tind Spekevarer as)

Inge Bjørdal (Stranda kommune)

Odd Høiaas (Stranda vidaregåande skule/Storfjord Kompetanse)

Inge Bjørdal har vore kontaktperson for styringsgruppa, som ga Møreforskning mandat til å gjennomføre et forprosjekt i Cand. Speke med to formål:

1. Å sjå på grunnar til sviktande rekruttering til og moglege tiltak for rekruttering til Stranda vidaregåande skule samt produksjonsbedriftene Ole Ringdal as, Tind as og Stranda Spekemat.
2. Å sjå på funksjonar for og organisering av eit potensielt kompetansesenter for spekevarer på Stranda.

¹ Programfaget Restaurant- og matfag vert heretter forkorta Matfag.

Oppdragsgjevar forventa at prosjektet vart gjennomført i tett dialog med dei involverte bedriftene, men elles låg det ingen særskilte kriterium til grunn for gjennomføringa. Det har vore gjennomført tre møte med styringsgruppa i løpet av prosjektperioden.

Ved gjennomføring av prosjektet har vi lagt til grunn desse problemstillingane innafor kvart av dei to temaområda:

Rekruttering

- Kvifor sviktar lokal ungdom Stranda vidaregåande skule?
- Er det særskilte grunnar til at Matfag opplever rekrutteringssvikt?
- Kva skal til for at lokal (og ev regional) ungdom skal velje Stranda vidaregåande generelt og matfag spesielt?
- Kvifor vel ungdom vekk næringsmiddelproduksjon som yrkesveg?
- Kva skal til for at dette yrkesvalet skal virke attraktivt på ungdom?

Kompetansesenter

- Kva for funksjonar kan liggje til eit kompetansesenter for spekematproduksjon?
- Korleis kan ein organisere eit slikt senter?

I det følgjande gir vi eit oversyn av val av metodisk tilnærming i prosjektet, og korleis arbeidet har vore gjennomført i praksis. Deretter følgjer eitt kapittel knytt til rekruttering, både til vidaregåande skule og produksjonsbedriftene, og eitt knytt til vurdering av kompetansesenter. I begge kapitla har vi oppsummert kva vi ser som dei største utfordringane, og kome med forslag til tiltak på dei ulike områda. Til sist kjem vi med forslag til korleis ein kan arbeide vidare med rekruttering og kompetansesenter i eit eventuelt hovudprosjekt.

2 Metodeval og gjennomføring

Prosjektet er gjennomført ved bruk av fleire metodar og ulike typar av kjelder. Dette kan kallast metodetriangulering, og vert ofte teke i bruk for å belyse ei sak frå fleire sider (Hellevik 1987). Ved å ta i bruk ulike metodar og kjelder for informasjon, kan ein både få data som vert bekrefta frå ulike kjelder, eller data som viser at ulike kjelder har divergerande syn og kunnskap om saka. I dette kapittelet gir vi ei oversikt over dei ulike kjeldene og metodane vi har tatt i bruk i arbeidet. For å belyse spørsmåla om rekruttering og kompetanse har vi hatt ei kvalitativ tilnærming overfor begge felt. Spørsmåla er handsama kvar for seg. Under finn de ei skjematisk framstilling av dei ulike metodane og kjeldene som er brukte i prosjektet.

Tabell 1 Oppsummering av metodar og informasjonskjelder

| Tema | Metode | Kjelde til informasjon |
|------------------|--|--|
| Rekruttering | Dokumentgjennomgang | Internett |
| | Nettbasert spørjeundersøking i Questback | 10. klasse Stranda og Sunnlyven ungdomsskular |
| | Semistrukturerte, kvalitative gruppeintervju | VK1 Matfag; Stranda vgs Faglærarar på Matfag; Stranda vgs |
| Kompetansesenter | Dokumentgjennomgang | Internett |
| | Semistrukturert telefonintervju | Tre kompetansesenter/miljø |

2.1 Rekruttering til Matfag og spekematbedriftene

Når det gjeld rekruttering, har vi først og fremst retta merksemda mot rekrutteringa til vidaregåande skule. Forsking viser at elevar tenkjer meir på sjølve innhaldet i den vidaregåande utdanninga, enn på det faktiske arbeidet som utdanninga fører dei inn i. Dette sett i samanheng med at rekrutteringa til dei lokale spekematbedriftene hovudsakleg skjer i lokalmiljøet, gjorde at vi valde å ha hovudfokus på overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande utdanning. Vi har derfor ikkje hatt fokus på anna rekruttering til produksjonsbedriftene. Dette høyrer til eit eventuelt hovudprosjekt.

Vidaregåande utdanning er i endring, og ulike omgrep har skifta namn og innhald frå og med inneverande skuleår. *Studieretning* er omdøpt til *utdanningsprogram*, og *linjer* er omdøpt til *programområde*. Tidlegare *grunnkurs*, *vidaregåande kurs 1* og *vidaregåande kurs 2* har vorte *vidaregåande trinn 1-3*. Dermed har ein potensiell forvirring mellom gamle *VK1* og nye *vg1*. I intervju med dei elevane som har gått to år på matfag på Stranda, har vi brukt dei gamle nemningane, medan ein i nettundersøkinga i 10. klassane i kommunen har brukt dei nye. I rapporten er det forsøkt å gjere klart når det er snakk om det gamle eller nye nemningane.

Nettbasert spørjeundersøking i 10. klasse

For å kome i inngrep med kva for tankar dei unge sjølve har i høve val av vidaregåande utdanning, og vidare yrkesliv, valde vi 10. klassingane i Stranda kommune. Desse har det siste året vore gjennom ein prosess med val av utdanningsprogram og skule, og var forventa å ha eit medvite forhold til dei spørsmåla vi ønskte å belyse. I kommunen er det fire 10. klassar, fordelte på tre klassar ved Standa ungdomsskule og ein ved Sunnlyven skule. Til saman er det 78 elevar i desse klassane.

Fordi ein ønskte å kunne seie noko generelt om 10. klassingane sine tankar om utdanningsval, valde vi å gå ut til alle elevar med eit nettbasert spørjeskjema, framfor å intervjuje enkeltelevar. Talet respondentar totalt er for lavt til at ein kan generalisere dette resultatet til

andre skular eller kommunar, men tanken var å få ein høg nok svarprosent til å kunne seie noko om Stranda kommune totalt sett. Verktøyet Questback vart brukt i gjennomføringa av undersøkinga.

Undersøkinga vart gjennomført i skuletida, og det var vaksnehjelp til stades i tilfelle enkeltelevar trengde hjelp. Ingen av dei som svarte var under 15 år, slik at dei sjølve valde om dei ønskte å delta i undersøkinga eller ikkje. Informasjonsskrivet om undersøkinga, låg inne i Questback-skjemaet som vart sendt ut via dei respektive skulane.

Nettundersøkinga vart gjennomført noko seint i skuleåret, høvesvis nest siste og siste skuledag for 10. klassene frå Hellesylt og Stranda. Noko av grunnen til dette, var at prosjektet i det heile vart finansiert og kom i gang noko seinare enn oppdragsgjevar såg føre seg. For ikkje seinke heile prosjektet med eitt år, vart undersøkinga gjennomført til tross for at tidspunktet ikkje var det beste.

Mellom anna det faktum at det var siste skuledag, medførte at ei av klassane på Stranda ikkje hadde høve til å delta i undersøkinga. Dermed var det 52 potensielle deltakarar i utvalet. Av desse fekk vi 35 gyldige svar, noko som gir ein svarprosent på om lag 69 %. Dette er eit tilfredsstillande tal svar. Det er ikkje grunn til å tru at den klassen som ikkje hadde høve til å svare den aktuelle dagen, skil seg nemneverdig frå dei to klassane frå Stranda som har svart. Derfor er det ikkje grunn til å tru at undersøkinga totalt sett hadde sett annleis ut, om desse elevane hadde teke del. Ein svakheit er likevel at i ei undersøking med så vidt få respondentar, gjer kvar respondent relativt stort utslag, slik at enkeltelevar i denne klassen potensielt kunne ha fått biletet til å sjå annleis ut. Vi vel likevel å halde fast ved at svara og resultatata i den nettbaserte undersøking er representative for 10. klassane i Stranda kommune i år.

Spørjeskjemaet som låg til grunn for den nettbaserte undersøkinga, ligg ved rapporten. Hovudtrekka i skjemaet vart diskutert med oppdragsgjevar, men den endelege utforminga vart fullført utan i samråd med oppdragsgjevar.

Kvalitative intervju

Gruppeintervju

Eit anna hovudfokus for prosjektet, er rekrutteringa til Restaurant- og matfag ved Stranda vidaregåande. Vi valde å gjere eit kvalitativt gruppeintervju med elevane på VK1. Desse elevane har gått to år på Stranda, og er anten på veg ut i lære frå hausten, eller over på eit 3. år på skule for påbygging til generell studiekompetanse. Vi tenkte at desse kunne seie noko generelt om deira eigen valsituasjon for to år sidan, og kva tankar dei har kring val av matfag som utdanningsveg etter to år på skulen. Det var totalt sju elevar i denne gruppa, og vi valde å invitere alle til eit felles intervju, framfor å gjere intervju med kvar enkelt. Dette var dels av økonomiske grunnar, og til dels ut frå tidlegare erfaring med intervju med ungdom i denne alderen, som viser at intervju vert meir dynamiske når dei er fleire saman.

Vi valde også å gjere eit gruppeintervju med dei tre faglærarane på matfag. Om prosjektet hadde vore større, hadde det vore aktuelt å snakke med dei allmennfaglærarane som har undervisning på matfag også, anten i gruppe eller kvar for seg. Det same gjeld leiinga ved skulen. Ingen av elevane avsto frå å delta, det same gjaldt lærarane.

Til intervjuar var det utarbeidd to semistrukturerte intervjuguidar, som stort sett hadde samanfallande tema. Utforminga av intervjuguidane vart gjort i samråd med oppdragsgjevar. Guidane vart ikkje følgde slavisk, men fungerte meir som ei huskeliste over tema vi ville ta opp. Desse ligg ved rapporten. Dei to intervjuar vart gjennomførte same dag, og varte om lag ein time kvar. Intervjuar vart tatt opp på band, og hovudtrekka i dei vart notert i etterkant.

Telefonintervju med Opplæringskontoret

Ved Opplæringskontoret i Hotell, Restaurant- og Matfag i Møre og Romsdal har dei tett kontakt med lære plassar og lærlingar for alle fag rundt om i fylket. Vi forventa at dei ved kontoret hadde eit overblikk over situasjonen i fylket som heile, spesielt når det gjaldt matfag, men òg tendensar innafor yrkesfaga generelt.

Intervjuet med opplæringskontoret vart gjennomført som ein ustrukturert, mindre formell samtale over telefon. Hovudtema var rekruttering til yrkesfaga generelt, matfag spesielt, samt tendensar knytt til vidaregåande opplæring i det heile, både regionalt og nasjonalt.

Dokumentgjennomgang

For å få eit generelt overblikk over situasjonen i vidaregåande skule i fylket og i landet generelt, både når det gjeld utdanningstilbod og tal søkjarar, og for å orientere seg om korleis dei ulike skulane rundt om i fylket presenterar seg, har vi vore innom ulike nettstader i løpet av arbeidet. Dette gjeld Møre og Romsdal Fylke sin nettstad, vilbli.no som er staten sin nettstad innafor vidaregåande opplæring og opplæringskontoret sine sider med fleire.

2.2 Kompetansesenter

I forprosjektet hadde ein og eit mål om å sjå på organisering og innhald i eit mogleg kompetansesenter for spekemat på Stranda. Innafor rammene av prosjektet, var det mogleg berre å gjere eit svært avgrensa arbeid. Målet var derfor å beskrive ulike måtar slike kompetansesenter er organiserte på, og kva funksjonar som ligg til desse. Slik får ein oversyn over fleire alternativ, der nokre kan vise seg å vere aktuelle å gå vidare med til eit eventuelt hovudprosjekt.

Dokumentgjennomgang

Vi valte i første rekke å bruke internett for å skaffe til veges ei oversikt over breidda av kompetansesenter, med tanke på både organisasjon og innhald. Søkorda "kompetanse", "kompetansesenter", "ERFA" og "erfagrunder" er blant dei som vart brukte i søket gjennom søkeverktøyet Google. Til rapporten, valde vi å trekke fram nokre eksempel på kompetansesenter som er ulike både i organisasjonsform og innhald. Desse er presenterte i kapittel 4.

Kvalitative intervju

For å få ytterlegare grep om kva eit kompetansesenter innafor ei bestemt næring kan innehalde, kontakta vi to ulike kompetansesenter og -miljø spesielt. Det eine miljøet høyrde til møbelbransjen, det andre næringslivet generelt. Begge er heimehøyrande på Vestlandet. I tillegg gjennomførte vi ein samtale med Animalia, som er eit av dei ledande kompetansemiljøa mellom anna på spekemat. Desse tre intervju vart gjennomførte som ustrukturerte intervju per telefon, der hovudtema var kva gevinst bedriftene følte dei fekk ut av samarbeide i kompetansesenteret, kva fordeler og ulemper dei såg med den måten dei sjølve hadde valt å organisere seg, og dei funksjonane som låg til kompetansesenteret. Den tidlegare dokumentgjennomgangen vart brukt som grunnlag for desse samtalane, men det vart ikkje utarbeidd ein fullstendig intervjuguide for intervju.

3 Refleksjonar over val av skule og programfag

I dette kapittelet legg vi fram data både frå nettundersøkinga blant 10. klassingane og djupneintervjua vi gjorde blant lærarar og elevar på vidaregåande skule. Sjølv om dei to elevgruppene er på ulike stadium i sitt vidaregåande studieløp, har dei reflektert over mykje av det same: kva for grunnlag hadde dei då dei valde vidaregåande skule og studieretning/program, og kva for grunnar legg dei vekt på for å forklare valet dei tok?


I tillegg har vi i dette kapittelet inkludert dei tankar elevane formidlar rundt Stranda vidaregåande som skule og spekematbedriftene i kommunen som arbeidsplass. Det er ikkje gjort mykje forskning på kva og korleis dei unge tenkjer rundt overgangen mellom ungdomsskule og vidaregåande skule. I tillegg har det skjedd fleire større endringar dei siste åra, som vi framleis ikkje kjenner effekten av. Dette er til dømes Kunnskapsløftet, og Programfag til val, som i løpet av ungdomsskulen skal gjere elevane betre rusta til å ta reflekterte val. I dette prosjektet var vi i stand til berre å skrape i overflata på desse spørsmåla. Desse trendane heng i stor grad saman med globale trendar som flyttestraum frå bygdene i retning byane, og nasjonale tendensar som nedgang i søknad til yrkesfaga og auke i søknad til fag som gir studiekompetanse for høgare utdanning.

Refleksjonane frå elevar i ungdomsskule og vidaregåande skule er samla for kvart tema, medan lærarane sine tankar om temaet er samla til sist i kapittelet.

3.1 Tidspunkt for val


Våre data tyder på at elevane i Stranda kommune vel både skule og programfag i løpet av 10. klasse. Om lag ¼ av elevane i 10. klasse svarar at dei bestemmer seg rett før søknadsfristen, men dei fleste bestemmer seg ein gong tidlegare i 10. klasse. Av dei som seier tok vala før 10. klasse, bestemmer dei fleste seg for dette tidlegare i ungdomsskulen. Nokre få hadde valet klart allereie på barneskulen. Intervjua med elevane ved VK1 stadfestar dette inntrykket.

Tabell 2 Tidspunkt for val av skule og programfag
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Det ser ut til å vere svært små forskjellar mellom kjønna når det gjeld valtidspunkt for skule, samanlikna med programfag. I den grad det finst forskjellar, er tendensen at jentene bestemmer seg noko før gutane. Det er heller ingen forskjellar mellom skulane på dette.

Tabell 3 Prioritering av skule vs program. Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Dei små forskjellane i hovudtendensane mellom tidspunkt for val av skule og val av programfag, vert støtta av svara elevane gav på spørsmål om kva som var viktigast ved val av studiestad. Vi spurde dei om det var viktigast å gå ein bestemt skule, eit bestemt utdanningsprogram eller om begge deler var like viktig. Langt dei fleste har svart at begge deler var like viktig, og dermed vel dei dette samstundes. Det er likevel nærare 30% som svara at dei valde utdanningsprogram framfor skule. Det er ein liten tendens til at dei som vel yrkesfaglege utdanningsprogram synest det er viktigare å søkje seg til eit bestemt program, enn ein bestemt skule.


3.2 Grunnlag for val

Når det gjeld grunnlag for val, var vi interesserte i å vite kva og kven dei unge sjølv ser som relevant å involvere når dei skal gjere utdanningsvalet. For å kartlegge dette, brukte vi fleire ulike generelle spørsmål om temaet, men òg spesifikke spørsmål om deira oppleving av Stranda vidaregåande, Matfag og spekematbedriftene. Etersom Stranda ungdomsskule har vore med i eit pilotprosjekt på det nye *Programfag til val*, er det spesielt interessant å sjå korleis elevane i 10. klasse har vurdert dette som hjelp i valprosessen. Dei ulike svara er presentert nedanfor i ulike tabellar.

Kva og kven involverer ungdommen i sin valprosess?


Vi spurte 10. klassingane kva dei prøvde å finne ut om skulen før dei valde studiestad. Som ein kan sjå av Tabell 4 under, ser det ut til at trivsel og spennande studietilbod er viktigare enn til dømes flinke lærarar og bra utstyr. Også dei som svarte på det opne spørsmålet om kva anna dei undersøkte om skulane før dei søkte, la vekt på godt skulemiljø, og om utdanningstilbodet passa dei. Vi har ikkje hatt høve til å følgje opp svara i etterkant, for til dømes å finne ut kva elevane vurderer som ”flinke lærarar”, og kven som har påverka deira inntrykk av desse.

Tabell 4 Kva undersøkte du om skulen, før du valte skule?
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Elevane fekk også eit direkte spørsmål om kva som var viktig for dei når dei valde skule. Dette gjaldt både kva personar som var viktige for dei, om geografi spela noka rolle, og om måten skulen presenterte seg på i valprosessen var viktig. Svara er presenterte i Tabell 5.

Tabell 5 Kva var viktig for deg ved val av skule? Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune




Når det gjeld presentasjon av skulen og studietilbodet, seier om lag 35 % av 10. klassingane at det er litt eller svært viktig korleis skulen vert presentert på utdanningsmesser og på skulen si heimeside. Berre om lag 18 % opptatt av korleis skulen presenterar seg på YouTube.

Som vi ser av tabellen ovanfor, er det viktigare for elevane om foreldra synst det dei gjer eit godt val og at lærarane på skulen er flinke til å gje råd, enn korleis skulen presenterar seg sjølv. Det elevane likevel ser som det viktigaste, er om andre kjende har anbefalt skulen, og kva rykte skulen har.² Geografi ser ut til å spele ei rolle, i det elevane ser det som viktigare å kunne fortsette å bu heime når dei går på vidaregåande skule, enn at skulen ligg i ein by.

Tabell 6 Utsegner om viktige sider ved val av skule.

Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Når elevane skal seie noko om viktige sider ved val av skule, ser vi av

Tabell 6 at det å føle at ein vel det ein har mest lyst til, altså å gjere eit sjølvstendig val, er svært viktig. I kva grad elevane til sjuande og sist verkeleg kan seiast å vere sjølvstendige i valet sitt, kan ein diskutere. Marianne Hansen hevdar gjennom si nyare forskning at foreldra sin sosiale og økonomiske bakgrunn framleis spelar ei stor rolle for kva retning elevane vel (Hansen 2005:77). Ho hevdar at dei sosiale skilja vert reproduserte gjennom utdanningsval også i dag, og at avgjerda om vidaregåande utdanning til dømes kan forklarast med kor vidt denne medfører ein sosial kostnad i høve familie og vener (Boudon i Hansen 1992).

Vi ser også at svært få av 10. klassingane synst at rådgjeveren på skulen var viktig for dei ved val av studieprogram. Atskillig fleire synst at lærarane var flinke til å kome med råd. Søsken vert også rekna som gode rådgjeverar; nær halvparten av 10. klassingane hevdar at søsken kom med gode råd i valprosessen. Viss ein tar med mellomkategorien *både-og*, er det lærarane som var viktigast av desse gruppene ”rådgjeverar”. At så få som 20 % oppgjer at rådgjeveren på skulen var viktig for dei i valprosessen, er ein tankevekkar for organiseringa av og innhaldet i denne tenesta. I dette arbeidet har vi ikkje vore inne og sett på kva

² Vi har i undersøkinga ikkje skilt mellom ry, omdømme og rykte. Vi antar at det ligg noko ulik oppfatning av dette elevane mellom, men vel å ta det som eit uttrykk for ei generell oppfatning av skulen.

rådgjevartenesta faktisk inneheld, eller kva ved tenesta som ikkje appellerer til elevane. Faktorar som tillit, kompetanse og organisering kan spele inn på dette.

Stranda Ungdomsskule har vore pilotskule for det nye faget *Programfag til val*. Difor er det spesielt interessant å sjå kva utbytte elevane sjølve synst dei har hatt av faget. Nær halvparten av elevane føler faget førte til at dei i nokon eller større grad vart sikrere i valet sitt. Resten har enten inga meining om dette, er usikre på om faget var til noko hjelp eller synst ikkje det var til hjelp i det heile. Vi hadde ikkje høve til å gå i djupna på dette spørsmålet, men det hadde sjølvstøtt vore interessant å sjå nærare på kva ved innhaldet og organiseringa av faget som har vore bra, og kva elevane har vore mindre nøgde med.

For elevane på Matfag, har jobbutsettene etter skulen meir å seie enn råd frå både vener og studierådgjevar. Alle trur dei skal ha lett for å få jobb etterpå, og skulen er berre eit middel for å kome seg ut i arbeid. Skulen i seg sjølv er ikkje målet. I ei fordjupingsoppgåve innan pedagogikk ved NTNU, peikar Bjørg Eva Aaslid mfl på at det er nettopp dette som skil elevar på yrkesfag frå elevar på idretts- eller allmennfag (Aaslid, upublisert).

Elevane som no går på VK1 hadde ikkje Programfag til val, då dei tok sine val for snart tre år sidan. Dei seier at utplassering, utdanningsmesse og heimkunnskapsfaget på ungdomsskulen gjorde utslaget for desse. For nokre vart valet tatt så tidleg, og låg så fast at ”ingen info kunne gjere om på det”. Elevane hevdar at det er kokk som er søkemotoren til Matfag, og at det er først gjennom at dei får prøve seg på ulike retningar i løpet av grunnkurset, at dei finn kva fagretning som passar best for dei.

Dei som går kokk, er klar over at ikkje mange blir i kokkyrket særleg lenge, grunna høgt arbeidspress og ugunstige arbeidstider, og har også ein meir langsiktig plan. To vil gå vidare som yrkesfaglærarar etter ei stund, to andre vil òg ta høgare utdanning etter ei stund. Alle vil ta fagbrevet, det vil seie at dei blir i lærebedrifta i to år. Fleire ser for seg at dei har lyst til å halde fram der dei går i lære, etter læretida, viss dei får høve til det. Nokre ser på det å arbeide offshore etter ei stund, som ei muligheit.

3.3 Grunnar for val


Kva tenkjer dei unge om valet dei tar?

Viktig å gjere det ein har mest lyst til.

Elev på vidaregåande skule


Vi var interesserte i kva for argument elevane brukar for å forklare dei vala dei har tatt. Som vi så tidlegare, meinte over halvparten av 10. klassingane at det viktigaste ved val av utdanningsprogram, var å velje det dei hadde mest lyst til. Berre ein liten del av utvalet tenkjer at dette ikkje er blant dei viktigaste grunnane for valet.

Tabell 7 Kor viktig er det å få generell studiekompetanse? Fordelt etter programtype.
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Elevane på vidaregåande hevdar at dei ikkje ville latt seg "bølle" til å gjere noko anna enn det dei har lyst til. Dei har høyrte heile livet at dei ikkje bør gå "pøsefag", men gjer det dei har lyst til uavhengig av kva andre meiner. Undervegs i utdanninga opparbeidar dei seg ei stoltheit over eigen kompetanse og at andre etterspør det dei kan: "Dei veit kor dei skal gå når dei er svoltne, og vil ha mat..." (elev, vidaregåande skule). Dei opplever det å gå på yrkesfag som det å "bli noko", i motsetning til allmennfagelevane som ikkje veit kva dei skal, og som ikkje er noko når dei er ferdige på skulen. Elles har ikkje alle elevane som skal ut i lære klart uttalte grunnar til å velje Matfag, det er meir "noko dei alltid har hatt lyst til", utan at dei kan seie klart kor denne ideen kom frå. Det å lære å lage skikkelig mat, "så ein slepp å ete Grandis resten av livet", er ein innfallsvinkel (elev, vidaregåande skule). Å få studiekompetanse no, er ikkje viktig for dei. Det tenkjer dei at dei kan ta att etter nokre år i arbeid.

Tabell 8 Kor viktig er det å få spesiell studiekompetanse? Fordelt etter programtype.
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Om lag halvparten av 10. klassingane er heilt eller delvis einige i at det er viktig for dei å få spesiell studiekompetanse, trass i at eit mindretal ikkje har studiespesialisering som førsteval (Tabell 8). Viss ein reknar med både-og-kategorien, er det nokre fleire som meiner det er viktig for dei å få generell studiekompetanse. Også nokre av dei som vel yrkesfagleg utdanningsprogram, tenkjer at det er viktig å ha generell studiekompetanse. I og med at utvalet er svært lite, er det vanskelig å hevde generelle trekk med datamaterialet, men i den grad ein kan sjå ein tendens, er det viktigast å få studiekompetanse for dei som vel Idrettsfag og Musikk, dans og drama.

Halvparten av respondentane i 10. klasse seier at dei vil studere vidare etter vidaregåande skule. Det ser ut til å vere ein samanheng mellom å ville studere vidare, og det å vite allereie no, kva for yrke ein vil ha som vaksen.

Nesten halvparten av dei som har valt yrkesfaglege utdanningsprogram, seier at dei valte utdanningsprogram som ville føre dei raskt ut i arbeid. Det ser ut til at dei som vel yrkesfagleg retning, har eit meir "avklart" forhold til yrkeslivet etterpå, enn dei som vel studiespesialisering. Jo viktigare det er å kome raskt ut i arbeid, jo mindre viktig vert det å få generell eller spesiell studiekompetanse, og omvendt.

3.4 Om Stranda vidaregåande skule som studiestad


I tillegg til det sosiale og faglege på skulen og i programfaget i seg sjølv, antok vi at staden Stranda har mykje å seie for kor godt ungdommane trivs på skulen. Vi spurde derfor elevane både om kva tankar dei har om å bu på Stranda og korleis dei oppfattar Stranda vidaregåande skule samanlikna med andre skular i fylke, fagleg og sosialt.

Med tanke på rekruttering til produksjonsbedriftene, var vi og interessert i kor vidt ungdommen såg for seg at dei budde i Stranda kommune som vaksne, anten ved at dei var komne attende etter studiar utafør Stranda, eller om dei ikkje kom til å reise frå Stranda i det heile. Dette kjem vi attende til i punkt 3.5.

Om å bu på Stranda

Kva tankar formidlar dei unge om Stranda som bustad for ungdom og som framtidig buplass? Vi spurde elevane både om korleis dei ser på kommunen som bustad i dag, og om dei ser føre seg Stranda som bustad som vaksne. Sjå tabell 9 og 10.

Tabell 9 Kva tenkjer du om å bu i Stranda kommune?
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Dei fleste 10. klassingane er nokolunde nøgde med fritidstilbodet i kommunen slik det er i dag. Nokre få er veldig nøgde, og omtrent like mange er svært misnøgde med tilbodet. Eit fleirtal av elevane meiner at folk trivst i kommunen, sjølv om det herskar usikkerheit omkring utsiktene til å få eit interessant arbeid i kommunen. Svara heller i retning av at dei ser dette som vanskelig. Det er liten skilnad mellom gutar og jenter i desse spørsmåla.

Matfagelevane stadfestar dette biletet. Etter deira meining, utmerkar ikkje Stranda seg verken spesielt negativt eller positivt, men vert rekna som "stader flest"; ein grei stad å bu. Trass i dette, er dei ikkje sikre på om dei ville anbefale Stranda for nokon. Det skil noko mellom dei som er frå Stranda, og dei som pendlar eller bur på hybel for å gå på skule der. Det ser ut som om dei som er frå Stranda har enklare tilgang til fritidstilbod, enn dei som bur på hybel. Det gjelder til dømes tilgang på båt, og ski- og fotballaktivitetar. Dei som pendlar nyttar i liten grad fritidstilboda på Stranda, men reiser heim med det same skulen er ferdig for dagen.

Sjølv om dei er nokolunde nøgde, saknar dei unge både meir idrettsaktivitet, musikktilbod (spele sjølv) og motorsport. Men det dei ønskjer seg mest, er fleire uformelle møteplassar og generelt meir aktivitet, utan at dei heilt veit kva det skulle vere. Desse ønska er fordelt på begge kjønn, utan nemneverdige skilnader. Ei fullstendig liste over ønskje for fritidsaktivitetar ligg ved rapporten.

Til tross for at det vanlege hybellivet er karakterisert av "lite pengar og dårleg mat", trekker hybelbuarane fram hybeltilbodet som eit svært positivt trekk ved Stranda; det er mange ok hyblar å velje mellom, det er skikkelig standard på dei og prisane er ok.

Eit overvegande fleirtal av ungdomsskuleelevane trur at verken venene deira eller dei sjølve bur i Stranda kommune når dei vert vaksne. Naturleg nok er dei sikrare i dette spørsmålet når det gjeld dei sjølve, enn når det gjeld andre. Det ser ut til at jentene i større grad enn gutane ikkje trur dei sjølve bur i kommunen når dei er vaksne. Når det gjeld å vurdere kor vidt venene deira bur i kommunen når dei er vaksne, er desse skilnadane viska ut.

Stranda kommune er ikkje aleine om kome til kort i høve å tilfredsstille ungdommen sine behov og ønskjer om fritidstilbod på heimstaden. Undersøkinga Ung i Møre og Romsdal som


Møreforskning gjorde på vegner av Møre og Romsdal fylke hausten 2007, viser ein klar samanheng mellom i kva grad ungdommen trur dei kjem til å flytte attende til Møre og Romsdal etter avslutta utdanning, og kor godt dei trivst på skulen og på heimstaden (Barstad 2008:42).

Undersøkinga viser og at jentene, i større grad enn gutane, trur at dei vil flytte vekk frå fylket etter avslutta vidaregåande skule. Samstundes ser jentene i større grad enn gutane for seg at dei kan kome til å flytte attende til fylket etter 10-15 år. Generelt kan det då sjå ut som om gutane er noko mindre mobile enn jentene. Denne kunnskapen frå Ung i Møre og Romsdal støtter opp under tala frå vår eiga undersøking, og tyder på at arbeid for auka bulyst generelt, kan vere viktig i eit rekrutteringsperspektiv.

”Ein kjekk skule”

Stranda vidaregåande skule ser ut til å ha ry på seg blant 10. klassingane for å ha lite mobbing, at elevar trivst, og at det er lett å skaffe seg vener på tvers av utdanningsprogramma. Elevane trur lærarane sin kompetanse er *både - og*. Alt dette er eit uttrykk for kva oppfatning elevane får formidla gjennom vener, søsken og andre vaksne, og som dei sjølve enno ikkje har hatt høve til å verifisere.

Tabell 10 Kva tenkjer du om Stranda Vidaregåande skule? Ta stilling til desse utsegnene.
Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Elevane på Matfag stadfestar langt på veg dei oppfatningane 10. klassingane har, men er meir nyanserte i sitt bilete. Dei vurderar Stranda vidaregåande som ”ein kjekk skule”, der ingen vert mobba, og der miljøet både elevar imellom, og lærarar og elevar imellom er veldig bra. Dei har ei felles oppfatning av at ein mindre skule er betre enn ein stor når det gjeld det sosiale miljøet. På Stranda vidaregåande kjenner ein kvarandre, og presset er mindre. Dei orienterer seg klart i relasjon til andre skular, der til dømes Molde kjem dårlegare ut enn Stranda: ”På Stranda kan ein vere meir seg sjølv, på Molde må du ha det rette tøyet” (elev, vidaregåande skule). Sjølv om totalinntrykket er bra, gir dei uttrykk for at dei ser forskjellar mellom studieretningane også på Stranda. Dei har til dømes ei oppfatning av at det på

Idrettsfag er større krav til å ha dei rette klede og det rette utstyret, og at det er meir press i den elevgruppa, enn dei opplever på yrkesfag.

Elevane skil sterkt mellom relasjonen dei har til lærarane som er knytt til matfag som faglærarar, og lærarane dei har i allmennfaga. Dei har tillit til og kjenner godt eigne lærarar, medan dei kjenner seg nedprioritert av lærarane i allmennfaga:

Når vi er med i fag som ikkje er på matfag, føler vi oss nedprioritert, vi er berre ei klasse dei må ha.

Elev, vidaregåande skule

Vi er berre ei klasse dei må ha. Det hadde vore kjekkare å vært fleire i allmennfaga

Elevar, vidaregåande skule

Skulen på Stranda vert vurdert som ein kjekk skule med godt miljø trass i at elevane på Matfag oppfattar som ei sterk hierarkisk ordning av klassar og elevar. Dei opplever det som svært vanskeleg å finne seg nye vener utafor klassen; dei lagar mat til Idrettsfag når dei skal på tur utan å få noko att, dei har kroppsøving saman med allmennfagelevar, men deler ikkje noko anna fellesskap med desse, og elles har dei ikkje noko fagleg eller sosialt fellesskap med andre. Dei ser positivt på det sosiale som skjer mellom yrkesfagklassene, men dette bidrar òg til skiljet mellom yrkesfagelevar og ”dei andre”. Dei ser det ikkje som meir naturleg å ha noko til felles med andre yrkesfagelevar, enn elevar på Idrettsfag eller Studiespesialisering. I tillegg er dei andre yrkesfagelevane på grunnkursnivå, og ikkje VK1 som desse er. Trass i den årlege ”bli-kjent-turen” som alle yrkesfagelevane er med på, og som elevane på Matfag er svært nøgde med, er dei ikkje saman med dei andre yrkesfagelevane gjennom resten av året.

Dei føler at hierarkiet også kjem til syne i prioriteringar på skulen, der ”allmenn får reise til Frankrike, blir prioritert først, mens vi får reise til Bergen, for da er pengane brukt opp” (elev, vidaregåande skule).

Skiljet mellom kjøttfag og kokk går òg att fleire stader. Elevane trur at skulen har meir [betre] kontakt med kjøttfagindustrien enn med restaurantbransjen, og at dette skil skulen frå andre vidaregåande skular i fylket. Nokre elevar trur at skular som Ørskog har betre kontakt med restaurantbransjen enn dei har på Stranda, og at elevar frå Ørskog derfor vert favoriserte ved tildeling av læreplassar i fylket.

Elevane trur at vidaregåande skular som Ørsta og Ørskog er større og har betre rykte [kvalitet]. Det tyder på at sjølv om dei seier dei likar Stranda vidaregåande skule fordi det er ein liten og oversiktleg skule, trur dei ikkje nødvendigvis at små skular er betre enn større.

Vi var òg interessert i å høyre kva 10. klassene kjenner til, og kva tankar dei har om Stranda vidaregåande, og om matfag som utdanningsprogram. Dei ser ut til å vere godt orienterte om fagtilbodet ved skulen. Mest kjent er det at skulen har tilbod i Idrettsfag og Teknisk og industriell produksjon. Det er likevel ein del som ikkje har fullstendig oversikt, og som trur at skulen tilbyr både Bygg- og anleggsteknikk, og Elektrofag. Det er liten samanheng mellom kor godt elevane sjølve føler dei kjenner Matfag, og i kva grad dei til dømes kjenner til at ein kan oppnå generell studiekompetanse etter tre år også etter å ha gått på Matfag.

Fagleg nivå og organisering

Når det gjeld det faglege nivået, vurderar elevane på vidaregåande sjølve det slik at dei har lært det grunnleggande, og at dei har vore gjennom det dei skulle og burde i løpet av desse to åra. Likevel er dei usikre på om dei no kan alt dei bør kunne før dei skal ut i lære. Dei samanliknar seg også med andre skular, og trur til dømes at elevar frå Ørskog kan meir enn dei sjølve, når dei går ut i lære.

Ville ikkje anbefalt å gå på Stranda viss du skal bli kokk, men viss du skal halde på med kjøttfag, er det veldig bra.

Elev, vidaregåande skule

Elevane er nøgde med utplasseringa dei har gjennom året, og peikar på at det meste av den praktiske kunnskapen får dei gjennom utplasseringa. Elevane tenkjer at det er noko uvanleg å ha så vidt mykje praksis. Utan at dette vart sagt direkte, fekk vi inntrykk av at dei såg dette som ei svakheit ved opplegget, og som eit utslag av dårleg eller manglande undervisning.

Fronter, skulen sitt nettbaserte læringsverktøy, vert sett på som eit overflødig verktøy, ettersom elevane på Matfag er så få at det er lettare å gi ei melding munnleg enn via PC'en. Det er i tillegg ikkje alle som har internett på hybelen, og det er mange dagar dei ikkje har ærend op datarommet på skulen. I tillegg har dei erfaring med at enkelte lærarar ikkje er så nøye på å leggje ut informasjon der, sjølv når dei har sagt at dei skal gjere det.


Matfagelevane er svært nøgde med den oppfylginga dei får frå lærarane, og framhevar det gode forholdet lærarar og elevar mellom. Dei er òg nøgd med mengda praktiske fag. Derimot er dei ikkje nøgde med at dei ein dag i veka ikkje har eit fast opplegg, slik at dei ofte vert "gåande på fri" denne dagen. Det tyder på at det er rom både for meir undervisning og meir organisert oppgåveløysing. Ingen av elevane nemner mangelen på lærebøker, som ein kunne tru at elevane sjølve ville oppfatte som negativt. I dei tilfella dei ikkje er nøgde, er det med utstyret på kjøkkenet.

Elevane på matfag er stort sett nøgde med lokala sine, men dei som går kokk er mindre nøgde enn dei som går kjøttfag. Den største ulempa, slik elevane sjølve ser det, er at dei er plasserte i eit bygg "der nede", medan dei andre er "der oppe". Dei har tilgang på mellom anna datarom "der oppe", men hevdar at maskinane ofte er opptekne til undervisning, og da er biblioteket einaste funksjonen dei eigentleg treng "gå opp" for å bruke. Sjølv føler dei at den fysiske avstanden fører til at dei vert gløynde både i praktisk forstand med tanke på fellesaktivitetar, og at dei i overført betydning føler seg veldig nedprioritert. Skulen gløymer til dømes å gje melding om teater eller konsertar som er for alle.

3.5 Om spekematbedriftene som arbeidsplass

Dei færreste 10. klassingane hevdar sjølve at dei kjenner innhaldet i matfag godt. Ein stor del meiner dei kjenner utdanningsprogrammet litt eller ikkje i det heile. Om lag halvparten av 10. klassingane trur ikkje ein treng å vere god i teoretiske fag for å gå på Matfag. Omvendt trur dei, kanskje ikkje overraskande, at ein bør vere god i praktiske fag for å gå der. Kva kunnskap elevane på ungdomsskulen har om Matfag er presentert i Tabell 11.

Tabell 11 Kjennskap vil Matfag. Kjelde: Nettundersøking 10. klasse, Stranda kommune



Halvparten av dei som svarte veit ikkje at ein kan få generell studiekompetanse etter tre år, ved å gå på Restaurant- og matfag år. Også dei andre svara reflekterer at dei har lite kunnskap om Matfag generelt. Dei har inga formeining om kor vidt matfag kan gje tilgang til mange ulike yrker, om det er lett å få seg ein spennande jobb etter studia, og kor vidt jobbane ein kan få etterpå er godt løna eller ikkje. 10. klassingane trur produksjonsbedriftene utover dei tradisjonelle yrkesgruppene som pølsemakar og kjøttskjerar, i stor grad treng folk i administrative funksjonar som leiing, rekneskap og marknadsføring. Dei trur desse bedriftene i liten grad eller ikkje i det heile har behov for IT-folk og ingeniørar. Dette speglar seg også i dei opne svara når dei vart spurt om dei kunne tenkje seg å ha til dømes Stranda Spekemat eller Tind som arbeidsplass. Her svarar dei fleste at dei ikkje kunne tenkje seg å arbeide på ein slik stad, først og fremst fordi det verkar kjedelig, monotont og dårleg betalt. Likevel er det om lag ¼ som ikkje avviser dette heilt. Eit alternativ er å gå inn i administrative stillingar på ein slik plass.

Heller ikkje elevane som skal ut i lære, er svært motiverte for å arbeide innafor industriell matproduksjon, sjølv om elevane kjenner til fleire tidlige elevar som har gått i lære på Stranda og på Hellesylt, og veit at bedriftene treng fleire lærlingar enn dei har tilgang på. Elles kom det fram gjennom intervjuet av elevane har generelt lite kunnskap om likskap og skilnader mellom dei ulike bedriftene. Elevane har inga klar oppfatning av kva type arbeidsplassar ein kan ha på desse bedriftene. Stabburet blir brukt som samlebetegnelse på

fleire av disse bedriftene. Elevane skil kanskje heller ikkje på produksjon av mat og anna, som til dømes møbel:

Alle på Stranda jobbar på Stabburet, eller på Ekornes eller Brunstad...
Elev, vidaregåande skule

Ei felles oppfatning blant elevane, er at bedriftene vel utanlandsk arbeidskraft framfor norsk, først og fremst av økonomiske årsaker. Dei tenkjer seg at folk frå dei ulike nasjonalitetane ikkje kan kommunisere med kvarandre, og at det gjer det mindre attraktivt å arbeide der. Arbeidsmiljøet vert snevrare, og det vert færre folk å velje mellom for å skape seg ein attraktiv arbeidskvardag. Vi kan av undersøkinga ikkje seie noko nærare om kor elevane har desse oppfatningane frå.

3.6 Refleksjonar frå lærarane

Lærarane på Matfag oppfattar det slik at elevane som tar til hos dei, i liten grad bryr seg om påverknad utifrå i valsituasjonen, og at elevane på matfag vel faget meir på tross av dei råda dei får, enn på grunn av. Dette korresponderer med det elevane sjølve seier om påverknad i valsituasjonen. Elles tenkjer dei at ungdomsskuleelevar generelt følgjer straumen, og henger seg på kvarandre, slik at pågåande tendensar vert sjølvforsterkande.

Lærarane meiner å kunne hevde at rådgivingstenesta gir råd til enkeltelevar om at "du passar ikkje til allmennfag, du må gå yrkesfag", på ein måte som gjer at ein både nedvurderer den enkelte elev, yrkesutdanningane generelt, og den kompetansen yrkesfagelevar sit med etter avslutta utdanning. Likevel ser det ut til at lærarane sjølve òg sit med ei oppfatning av at mange som går allmennfag, burde ha gått på yrkesfag, fordi dei er teoretisk svake. Dei ser sjølve at dette kan vere å "skyte seg sjølv i foten", og det er mogleg at dette òg bidrar til å halde oppe skiljet mellom allmennfagelevar og yrkesfagelevar, samstundes som dei kommuniserar ut at teoretisk kompetanse ikkje er viktig eller ønskjeleg på yrkesfag.

Lærarane trur at det er viktig å vere fysisk til stades med informasjon om utdanningsprogrammet. Dei opplever at elevane ikkje kjenner til breidda i faget, sjølv ikkje dei elevane som er interessert i faget og har valt Matfag som studieretning. Dei trur også at skulen ikkje er så populær at det er skulen eller staden Stranda i seg sjølv, som trekker elevar dit. Dei tenkjer at for mange elevar er det viktig å vere nær heimen, slik at ein ikkje treng å bu på hybel medan ein går på vidaregåande skule.

Lærarane trur at det å vere open er viktig for bedriftene si rekruttering. Dei meiner også å kunne sjå at elevar som har foreldre som sjølve arbeidar i næringsmiddelindustrien, vert påverka i retning av at elevane skal gjere noko anna enn dei.

Sosialt sett er trivselsfaktoren høg hos oss, men mange elevar kjem aldri inn gjennom dørene og får sjå det. Fagleg har vi aldri hatt problem med å få læreplass til alle våre elevar som er klare for det, og det er alltid på plass før skuleslutt. Det er ikkje slik alle stader. Vi har sterke elevar, som til dømes er Noregsmeistrar i ulike greiner.

Lærar, vidaregåande skule

Lærarane er lite glade for "pølsefagomgrepet" som hefter ved utdanningsprogrammet og elevar som går der. Dei føler at det sender signal om ein annanrangs utdanning, utan at dei som bruker omgrepet veit kva Matfag dreier seg om. Dei stadfestar den oppfatninga som rår blant elevane, om hierarkiet mellom dei ulike utdanningsprogramma, at elevane deira har eit annanrangsstempel, og at dette er haldningar som først og fremst ligg til leiing og lærarar ved skulen, og som nærast er nedfelt i systemet. Leiinga ved skulen tok for fleire år sidan initiativet til å utforme ei felles plattform for heile skulen, men lærarane hevdar at denne ikkje

fungerar i praksis, og at endringar dei hadde håpa å sjå i kulturen, har ikkje slått til. Det gjeld både idrettsfag og allmennfag.

Ein kan få ein mistanke om at allmennfaga på yrkesfag fungerer som ein salderingspost for dei som underviser i desse faga, og det gir elevane ein dårleg kjensle. Dette problemet har vorte større ettersom talet elevar på yrkesfag har gått ned.

Lærar, vidaregåande skule

Eitt av dei andre problema lærarane identifiserer er at det finst høgare utdanning også innafor fagbrevet, men at det er vanskeleg å kome ut til elevane på ungdomsskulen med dette.

3.7 Oppsummering av funn og forslag til tiltak

Som ei oppsummering, ser vi først på kva prosjektet har gitt oss av svar på dei spørsmåla vi stilte oss til denne delen, i forkant av forprosjektet. Vi ser også nærare på nokre av dei funna vi ser som dei viktigaste med tanke på kva aktørane i Cand. Speke kan arbeide vidare med. Vi kjem også med forslag til tiltak der det ser ut til å vere mogleg og ønskjeleg å gjera noko for å endre situasjonen. Framstillinga er gjort punktvis for oversikta sin skyld.

Vi vil understreke at det i desse spørsmåla er vanskeleg å føre åtferd og endring i åtferd tilbake til einskilde faktorar. Ein må lese dei følgjande konklusjonane med dette i mente.

I og med at dette er ei forstudie, har vi ikkje hatt høve til innafor rammene av prosjektet å gå bakom dei einskilde svara i spørjeundersøkinga hjå ungdomsskuleelevane. I eit større arbeid, kunne ein sjå føre seg å følgje opp nettundersøkinga med intervju blant dei same elevane, for å få utdjupa dette.

- **Kvifor sviktar lokal ungdom Stranda vidaregåande skule?**

Det har ikkje kome fram eit eintydig svar på kvifor lokal ungdom søker seg vekk frå Stranda vidaregåande skule. Vi ser likevel elevane saknar eit breiare fritidstilbod i kommunen, og dette kan vere noko av grunnen til at elevar ønskjer å gå på vidaregåande skule andre stader. Ein ser generelt også ei stadig sterkare konkurrans mellom dei vidaregåande skulane, noko som gjer det stadig viktigare å skilje seg ut på ein positiv måte, til dømes ved å legge utanlandsreiser inn i studieprogram. Som nemnt innleiingsvis, er det grunn til å tru at utdanningsval er ein del av den generelle trenden både når det gjeld forholdet mellom yrkesfag og allmenne fag, og flyttestraumen frå bygdene i retning byane.

- **Er det særskilte grunnar til at Matfag opplever rekrutteringssvikt?**

Nedgangen i rekrutteringa til Matfag er en regional og nasjonal trend. Noko av nedgangen er forklart i ugunstige arbeidstider, høgt arbeidstempo og relativt låge løner i kokkeyrket. Ettersom kokk har vore søkjarmotoren til Matfag også på landsbasis, verkar dette sterkt inn på rekrutteringa til alle fagområda innafor Restaurant- og matfag.

Vi ser av svara frå elevane i 10. klasse, at det å oppnå generell eller spesiell studiekompetanse er viktig. Ettersom det er lite marknadsført at ein kan oppnå dette også ved å gå på Matfag, antar vi at dette også kan vere noko av grunnen. Det er få som har god kunnskap om kva ein kan bruke Matfag til, til dømes det at ein kan gå vidare med studiar på mange felt også etter avslutta fagbrev.

I tillegg ser vi at elevane på Matfag ikkje kjenner seg verdsett og som ein del av skulen som heile. Både i forhold til lærarar og elevar på andre studieprogram føler dei sterkt på eit hierarki, der dei sjølve er plasserte i botn. Det er mellom anna dette som gjer at dei ikkje vil anbefale Matfag på Stranda til andre elevar.

- **Kva skal til for at lokal (og ev regional) ungdom skal velje Stranda vidaregåande generelt og matfag spesielt?**

Vi har ikkje hatt høve til å gå ut over Stranda kommune med tanke på å finne ut kva som skal til for at regional ungdom skal velje Stranda vidaregåande skule. Men vi antar at ungdom frå andre stader har same krava til studiestad og skule som ungdom frå Stranda og Hellesylt; skulen må ha eit interessant studietilbod, tidlegare elevar må anbefale skulen, lærarane skal vere flinke, skulemiljøet må framstå som godt og det er viktig at foreldra synst det er eit godt val.

- **Kvifor vel ungdom vekk næringsmiddelproduksjon som yrkesveg?**

Svara her verkar eintydige; det ser ut som folk gjer det same kvar dag og elevane likar ikkje einsidig arbeid. Det verkar kjedelig og dei vil heller ha seg "ei skikkelig framtid". Nokre har tankar om at det å arbeide med døde dyr er ekkelt.

- **Kva skal til for at dette yrkesvalet skal virke attraktivt på ungdom?**

I tråd med svara på spørsmålet over, må yrka i næringsmiddelproduksjonen, i den grad det er tilfelle, presenterast som mindre monotone. Det er sannsynlig at det også er viktig å vite at ein kan gå vidare med studiar, eller gå over i andre typar stillingar etter ei tid, dersom ein vil det. Ettersom vi ikkje har hatt høve til å gå bakom svara frå den nettbaserte undersøkinga, har vi noko grunnlag for å gje meir konkrete svar på spørsmålet.

For dei følgjande spørsmåla, har vi valt å kort gjenta funna som er presenterte tidlegare i rapporten, samt kome med forslag til åtgjerder.

Om grunnlag for og grunnar til val

1. Dei fleste elevane bestemmer seg for skule og programfag i løpet av 10. klasse. Så mange som $\frac{1}{4}$ tar valet rett før fristen.
 - Ein bør konsentrere marknadsføringa av skule og programfag til 10. klasse, og gjerne gjennom heile skuleåret, fram til fristen for å søkje går ut.
2. Elevane sjølve hevdar dei har god oversikt over dei ulike programfaga, og kva dei kan velje mellom på den enkelte skule. Likevel viser svara deira at dei har mangelfull kunnskap til dømes om Matfag. Lærarane blir trekte fram som viktige rådgjevarar.
 - Opplæring og informasjon overfor lærarar og rettleiarar i ungdomsskulen.
 - Informasjon overfor elevar om ulike vegar til studiekompetanse generelt.
 - Nytenking i høve presentasjon og marknadsføring av Matfag når det gjeld moglegheiter ein har for vidare studiar i tillegg til å gå ut i lære.
 - Presentasjon av dei ulike spekematbedriftene med tanke på kva dei treng av arbeidskraft, og kva muligheiter arbeid hos dei gir.
3. Dei som vel yrkesfagleg utdanningsprogram er meir bestemt på kva program dei vil gå på, enn kva skule dei skal velje. Yrkesfagelevane er meir målbevisst med tanke på framtidig yrke, enn andre elevar. Det kan bety at desse elevane er meir mobile med tanke på geografisk plassering.
 - Skulen må ha eit kvalitetsmessig fortrinn som er godt kjent i heile fylket, slik at ein kan auke omlandet for rekruttering til skulen.
 - Produksjonsbedriftene kan gå saman om å tilby ein årleg studietur utanlands for Matfagelevane på vg1 og vg2. Turen kan fortrinnsvis vere knytt til spekematfaglege bedrifter.
 - Opprette ei stipendordning for elevar på Matfag på Stranda.

4. Majoriteten av elevane grunnir vala sine med at det viktigaste for dei er å gjere det dei har lyst til. Dette er i tråd med råda fylkeskommunane, KS og Utdanningsdirektoratet gir gjennom sin informasjonskanal for søkjarar til vidaregåande opplæring: vilbli.no.

I datamaterialet frå Stranda, kan vi sjå ein svak tendens til at jo høgare utdanning foreldra har, jo større sjanse er det for at eleven vel studiekompetanse framfor yrkesfag. Med eit såpass lite datamateriale må ein vere varsam med å generalisere, men det ser altså ut til at funna frå Stranda vert støtta av anna forskning på dette punktet. Dette er i tilfelle eit strukturelt problem, som det kan vere vanskelig å løyse lokalt med enkle middel. Det kan likevel vere ein spore til å forsøke å presentere og rekruttere elevar til Matfag på nye måtar.

- Bygge opp under det sjølvstendige valet som er basert på lyst.
- Lære av den måten Idrettsfag og Musikk, dans og drama marknadsfører sine utdanningsprogram.
- Samarbeide med aktørar som til dømes Fylkeskommunen, som eigar av vidaregåande skule.

Bulyst og mobilitet

5. Eit overvegande fleirtal trur ikkje at dei bur i kommunen som vaksne. Arbeid for auka bulyst for elevar i ungdomsskule og vidaregåande skulealder, kan gje resultat også for rekruttering til kommunen generelt.
 - Omdømmebygging rundt Stranda kommune som stad, Stranda vidaregåande skule som studiestad og Matfag som studieretning krev samarbeid mellom alle partar. Fortrinnsvis bør ein også knyte til seg fleire partar enn dei som til no er i prosjektet, til dømes fylkeskommunen.

Stranda vidaregåande skule - ein tvers igjennom kjekk skule?

6. Skulen har ry på seg for å ha lite mobbing, og for at folk kan vere seg sjølve.
 - Arbeide målretta vidare for å halde mobbing nede.
 - Motivere lærarar og elevar utafør Restaurant- og matfag til å ta i bruk kjøkken og andre fasilitetar "der nede", for å byggje ned avstanden mellom fagretningane.
7. Elvane skildrar ein svært god relasjonen både elevar mellom, og elevar og lærarar på Matfag mellom, i motsetning til relasjonane til lærarane dei har i allmennfaga.
 - Arbeid for å auke gjensidig respekt mellom elevar på yrkesfag og lærarar i allmennfaga, slik at motivasjonen for desse faga aukar, og elevane ikkje kjenner seg nedprioritert i allmennfagundervisninga.
8. Elevar på Matfag kjenner seg "glømt og bortgjemt" av skuleleiinga, både i fysisk og i overført forstand. Dei kjenner seg handsama seg som annerangs elevar, og føler på ei sterk hierarkisk ordning i høve relasjonen til klassane ved dei andre programma. Yrkesfag ligg under studieførebuande program, og Matfag er eitt av dei programma som ligg nedst i dette hierarkiet. På direkte spørsmål, seier dei fleste elevane på vidaregåande at dei ikkje vil anbefale skulen til andre.
 - Bygge ned fysiske skilje mellom allmenn- og yrkesfag.
 - Sjå til at alle elevar har like god tilgang til alle typar spesialrom, til dømes datarom.
 - Byggje vidare på, eller byggje opp på nytt den plattformen som skulen utarbeidde ved samanslåinga.

- Drive haldningsskapande ”integreringsarbeid” dei ulike utdanningsprogramma mellom.
- Sjå heile elevmassen under eitt, i staden for ”yrkesfag” og ”allmennfag” kvar for seg.
- Invitere til ”hybelmatkurs” for både hybelbuarar og andre elevar ved skulestart. Ev organisere dette som eit bli-kjent-opplegg for alle vg1-klassar kvar haust.
- Knyte til seg ekstern kompetanse i form av organisasjonsutvikling, både i skulen og i produksjonsbedriftene.

Vidareføring rekruttering

Produksjonsbedriftene

- Vurdere innsatsområder for arbeid med rekruttering. Dette inkluderer å vurdere om rekruttering skal skje gjennom andre kanalar enn utdanningsinstitusjonane. Dette kan til dømes vere gjennom byrå som rekrutterar utanlandsk arbeidskraft i form av familiar som er interesserte i fast busetting i området.
- Inngå samarbeid med interesserte og aktuelle partar.
- Sette i gang praktisk arbeid.

Stranda vidaregåande skule

- Vurdere innsatsområder og samarbeidspartar for haldningsskapande arbeid ved Stranda vidaregåande skule.

4 Kompetansesenter for spekemat

I dette kapittelet vil vi først presentere nokre av dei ulike typar kompetansesentra som finst i dag, på ulike felt. Så går vi inn på kva ein må ta stilling til ved vurdering av eit potensielt kompetansesenter for spekemat lokalisert på Stranda. Anbefalingar kjem sist i kapittelet.

4.1 Organisasjonsformer og innhald

Det finst ei rekke ulike kompetansesenter rundt om i landet, og nokre eksempel på ulike organisasjonsformer er viste i ei kort oversikt nedanfor. Det som antakelig verkar mykje inn på organisasjonsforma, er korleis senteret er finansiert. Dette varierar frå statleg, via delvis statleg, til privat finansiering. Dei sentra som er heilt eller delvis statleg finansiert, ser ut til å vere kjenneteikna ved samfunnsnyttige føremål, medan dei private har kommersielle mål for verksemda si. Vi gir her ei kort presentasjon av tre slike senter, som kan ha overføringsverdi til et potensielt kompetansesenter for spekemat.

Animalia

Animalia er ei vidareføring av tidlegare Fagsenteret for kjøtt og fagsenter for fjørfe, og har i dag fire avdelingar med kompetanse på kvar sitt felt.³ Avdeling for Skjæring og foredling har fokus på hovudområda spekemat, prosessoptimalisering og kjøttkvalitet, og skjereoptimalisering. Saman med dei andre avdelingane, dekkjer kompetansen og arbeidsfeltet deira heile verdikjeda frå dyrehelse til ferdige produkt. Organisasjonen presenterer seg sjølv slik:

Animalia er et av Norges ledende fagmiljøer innen egg, fjørfe og kjøttproduksjon. Animalia er en møteplass og en problemløser for kjøtt- og fjørfebransjen. Vår hovedstrategi er å være best fra forskning til praksis. (...) Vi ønsker å utvikle praktiske verktøy for kjøtt- og fjørfeprodusenter og bransjen, basert på solid erfaring, forskning og innovasjon. (...) Våre finansieringskilder er omsetningsavgiften på kjøtt og fjørfe, forskningsfinansiering og salg av tjenester (Animalia 2008).

Mellom dei prioriterte arbeidsoppgåvene i Avdeling for Skjæring og foredling, er det å ta vare på tradisjonskompetanse, produktutvikling på langtidsmodna spekeskinke, fenalår og merkevarebeskyttelse. Avdelinga arrangerer også bransjesamlingar med ulike tema. Tema som forbrukarundersøkingar og marknadsføring av ferdige produkt er ikkje blant deira felt. Dei har heller ikkje fasilitetar for laboratoriearbeid. Med dei siste unntaka, føler Animalia sjølve at dei dekkjer dei fleste kompetansefelta innafor spekematproduksjonen.

Animalia har ulike finansieringskjelder for arbeidet sitt. Omsetningsavgifta på kjøtt og fjørfe er ein av finansieringskjeldene, men organisasjonen driv også oppdragsbasert verksemd.

Nordvest Forum AS

Nordvest Forum vert karakterisert som eit læringsnettverk, der næringslivet på Nordvestlandet skal kunne "øke lederkompetansen, utvikle organisasjonene og etablere nettverk, bidra til nødvendig verdiskaping for eiere og brukere". 53 bedrifter fordelt på ulike felt, eig selskapet.⁴ Aktiviteten inneber både einskilde kurs retta mot leiarar på ulike nivå, og gjennom *Organisasjonsforum* og *Forum for Strategisk teknologiledelse* under slagordet *Bedre ledere – økt verdiskaping*.

³ Avdeling Fjørfe, Avdeling Husdyr, Avdeling Slaktning og Avdeling Skjæring og foredling.

⁴ Til dømes Adecco Norge AS, Brødrene Dyrøy AS, Hustadmarmor AS, Opplæringskontoret for Møbel og Treindustri og Sparebanken Møre.

Ein av eigarane og brukarane av Nordvest Forum, hevdar at dei sterke sidene ved kompetansesenteret er at den faglege kompetansen er svært god, at innhaldet er lokalt forankra, godt organisert, og at dei tilbyr kompetanse på felt som det er vanskeleg for den enkelte bedrift å oppretthalde sjølv. Dette gjeld i stor grad leiaropplæringane, som vedkomande i stor grad har nytta til sine tilsette. Informanten ser ikkje at dette kunne vore organisert annleis enn slik det er i dag, som aksjeselskap og med eit formelt styre. Selskapet har i dag tre tilsette, som til saman har brei erfaring frå næringslivet i regionen og solid kunnskap innafor felt som organisasjonsutvikling og omstillingsprosessar.

Dei ulike aktivitetane vert finansierte av deltakarane.

ERFA

Fleire av møbelbedriftene i Stordal har ei historie med samarbeid på tvers innafor ulike felt. Historia strekker seg minst tilbake til 1970-åra. Mellom anna etablerte dei tidleg på 1980-talet selskapet Stordal Industrier AS. Sjølv om selskapet i utgangspunktet skulle stå for ”utviklings- og prosjekteringsarbeid på datasida” hevdar Peder Hove at samarbeidet hadde ringverknader utover det reint teknologiske:

Det var eit samarbeidsselskap der vi kunne møtast og diskutere felles utfordringar. Eg trur du kan seie at det selskapet laga litt meir opne dører mellom fabrikkane. Vi kom saman og fekk diskutere, ikkje berre dette med data og innkjøp, men også andre saker som vi hadde felles interesse av (Høidal 2005:69).

I dag er ei rekkje av dei same bedriftene representerte i den såkalla ERFA-gruppa. Dette er ein uformell, men saklig møteplass der bedriftene kan diskutere alt frå teknologiutvikling til organisatoriske utfordringar. Deltakarane er frå leiarnivå, og samarbeidet er organisert etter ein flat struktur der ansvaret for arrangement og tema går på rundgang. Den som har ansvar for det enkelte arrangement har full fridom i utforming av det aktuelle seminaret, og ein nyttar både ekstern og intern kompetanse. Ein av dei faste deltakarane trur at det uformelle ved samarbeidet er ein av suksessfaktorane for organisasjonen. Deltakinga er basert på tillit, og det at kvar enkelt bedrift er opne og rause med sin kunnskap. Og det ein ikkje ”kan eller vil ta opp over bordet på dagtid, kan ein ta på kvelden” (deltakar i ERFA) .

Kostnadane for aktiviteten i ERFA vert fordelte på dei bedriftene som til ei kvar tid deltek.

4.2 Mogleg organisering og innhald i kompetansesenter for spekemat

Som vi ser, er det stor variasjon i korleis kompetansesentra er organisert, og kva for fokus dei har. Vi har prøvd å samanfatte dei potensielle vala bedriftene må ta med tanke på kompetansesenter for spekemat når det gjeld verksemdsområde, form for organisering og finansiering, samt kva samarbeidspartar og konkurrentar eit slikt senter kan ha. Dette er vist punktvis under.

Fokus

- Råstoffkunnskap; utveljing, skjering mm
- Foredling; salting, tørking mm
- Produktutvikling
- Forbrukarkunnskap og marknadstilpassing
- Innovasjon; teknologi og prosess
- Ivareta tradisjonskunnskap; bevisstgjere, teikne ned og overføre taus kunnskap
- Rekruttering
- Fagleg kompetanseheving
- Organisasjonsutvikling

Organisering

- Eige selskap med stab og fagtilsette, ev lærlingar
- "Søsterorganisasjon" til Animalia med fagtilsette
- Avdelingskontor av Animalia med fagtilsette
- ERFA-gruppe eller Forum; laus eller fastare samansetning av produsentar og andre interesserte
- Kompetansekontakt knytt til eksisterande organisasjonar
- Kompetansenav

Finansiering

- Delvis statleg grunnløyving
- Prosjektbasert med ekstern finansiering, til dømes Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge, fylkeskommunale midlar
- Oppdragsbasert med finansiering frå andre verksemdar på same felt
- Kommunale midlar
- Finansierte av deltakande verksemdar lokalt og/eller nasjonalt

Samarbeidspartar og/ eller konkurrentar

- Matforsk
- Veterinærinstituttet
- Animalia
- Matfestivalen
- Storfjord Kompetanse

4.3 Val av organisering og innhald

Dei faktiske vala i høve innhald og organisering, må aktørane sjølve ta når ein har formulert nærare kva behova og ønska for eit slikt senter er. I denne omgang vel vi å peike på dei vala som vi etter gjennomgangen ser for oss som mest naturlige, slik at ein snevrar inn tal valalternativ.

Å ha gode rutinar for **kompetanseheving**, både fagleg og organisatorisk kan bidra både til **nyrekruttering** og å halde på gode medarbeidarar. Dette er det ikkje alltid mulig å få til innafor kvar arbeidsplass, slik at samarbeid på dette feltet kan vere naturleg. Både ERFA og Nordvest Forum kan tene som gode eksempel på dette.

Innovasjon innafor både teknologi, prosess og produkt er òg eit ressursmessig krevjande område, som det kan løne seg å være fleire om. Det same gjeld det å ta vare på den tause kunnskapen som ligg hos tradisjonsberarane av kompetanse i dei ulike bedriftene.

I og med den sterke organisasjonen og kompetansen Animalia har innafor spekematområdet, verkar det lite sannsynleg at ein kan lykkast med å etablere konkurrerende verksemd på nasjonalt nivå på felt dei allereie er gode på. Dei har mellom anna ei grunnfinansiering i omsetningsavgifta for kjøtt og fjørfe, som andre aktørar ikkje har tilgang til. Å etablere eit ”uformelt, men seriøst” **forum for erfaringsutveksling**, slik ein ser at møbelbedriftene i ERFA-gruppa har organisert seg, kan vere tilstrekkeleg, alt etter kva behov bedriftene ser for seg skal dekkast. Her treng ein ikkje avgrense seg geografisk til Stranda kommune, dersom ein ser for seg ein nasjonal arena for kunnskaps- og erfaringsutveksling. I tilfelle bør ein sjå på i kva grad ein set i gang aktivitet som overlappar med Animalia sine bransjesamlingar. Her kan det sjølvstøtt vere mulig å gå i dialog med Animalia for eit eventuelt samarbeid.

Eit slikt forum kan ein organisere ved at alle deltakarar tar ansvar på omgang, som i ERFA, eller ein kan utpeike ein **”kompetansekontakt”**. Denne kan ha eit meir eller mindre fast mandat med tanke på å arbeide mot eit felles uttalt mål. Ein slik kompetansekontakt vere lønna i ein delstilling, eller gå på omgang mellom deltakarane i forumet. Fordelen med ein lønna stilling, kan vere at ein får meir kontinuitet i arbeidet. Ei oppgåve for vedkomande kan i tillegg til å organisere samlingar og kunnskapsdeling, vere å sørge for finansiering for enkeltprosjekt.

Ein kan sjå på rekruttering til Restaurant- og matfag og produksjonsbedriftene, som to sider av same sak. Det kan også settast i samband med bulyst og ønske om å flytte tilbake til heimstaden som vaksen. Dermed kan det lokale næringslivet, kommunen og fylkeskommunen ha samanfallande interesser i rekruttering sett under eitt. Slik kan ein argumentere for at **arbeid med rekruttering bør finansierast frå fleire hald samtidig**, og ikkje frå aktørane kvar for seg. Å fokusere rekrutteringsinnsatsen til Matfag ved Stranda vidaregåande skule, kan vere ein måte for produksjonsbedriftene å kanalisere sin innsats.

Enkeltprosjekt, erfaringsutveksling og kompetanseheving, kan finansierast ved **bedriftene sine eigen pengar, eller ulike offentlige virkemiddel**. Eksempel på slike offentlige virkemiddel kan vere Innovasjon Norge sitt Matprogram, Nettverkstiltak i regi av Forskningsrådet eller kommunal og fylkeskommunale tilskot.

Vidareføring Kompetansesenter

Det vidare arbeidet vil sjølvsagt avhenge av kva type samarbeid og arbeidsfordeling dei ulike aktørane i Cand. Speke ser for seg.

Basert på gjennomgangen av alternativ over, kan det vere nyttig for aktørane å svare på enkelte spørsmål, og bruke svara som eit utgangspunkt for vidare arbeid:

- Kor ”laust” eller forpliktande vil ein samarbeide?
- Kva for økonomisk bidrag vil kvar av aktørane legge i denne typen kompetansesamarbeid?
- Kva for kunnskap og kompetanse er det størst bruk for i dei ulike bedriftene?
- Har produksjonsbedriftene samanfallande interesser med andre aktørar, til dømes innan det offentlege? Vil ein i tilfelle invitere desse inn i eit forpliktande samarbeid?

Ein måte å gå inn i dette utviklingsarbeidet på, er å starte med den felles utfordringa bedriftene har knytt til rekruttering, og bruke denne oppgåva til å ”sondere” terrenget for organisering og innhald. I høve rekruttering, kan ein ta tak i konkrete tiltak som kan settast i verk raskt, og så nytte erfaringane frå dette til å sjå på korleis ein på sikt kan forme eit fastare samarbeid på andre felt.

Kjelder

- Isaksen 1996: *Regional innovasjon: En ny strategi i tiltaksarbeid og regionalpolitikk* i R-03 1997. Oslo, STEP-group.
- Barstad, Johan 2008: *Ung i Møre og Romsdal*. Rapport frå ei spørjegransking blant elevar ved vidaregåande skule i Møre og Romsdal, hausten 2007. Arbeidsrapport nr 220. Volda, Høgskulen i Volda/Møreforskning Volda.
- Hansen, Marianne Nordli og Arne Mastekaasa 2003 [1968]: Utdanning, ulikhet og forandring i: Ivar Frønes og Lise Kjølørød, red.: *Det norske samfunn*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.
- Hellevik, Ottar, 1987 [1977]: *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo, Universitetsforlaget.

Nettsider

- Animalia 15.07.08: <http://www.animalia.no/>
- Pedro 15.07.08: <http://www.pedro.no/framework/db-files/h1n1qbnlkv6nyoyxk8tpc4sw5.pdf>
(utdrag frå Eldar Høidal 2005: *Pedro – eit møbeleventyr*. Sykkylven, Norsk Møbelfaglig Senter)
- statped 15.07.08:
http://www.statped.no/moduler/Module_FrontPage.aspx?id=13302&epslanguage=NO
- Friprogsenteret (Nasjonalt kompetansesenter for fri programvare) 15.07.08:
<http://www.friprog.no/friprog/>
- STEP-group 15.07.08: <http://www.step.no/reports/Y1997/0397.pdf>
- TESA AS 15.07.08: <http://www.jaertek.no/tesatest/omtesa.htm>
- Idrettens Kompetansesenter Innlandet (IKI) 12.09.08: <http://www.idrett.no/oppland>
(Nyhetsbrev nr2/08, Oppland Idrettskrets)